

## Forsvarlege helsetenester til **norsk militært** personell i utlandet

Statens helsetilsyn har berre lovheimel til å føre tilsyn med tenester på norsk territorium. Styremaktene har likevel ønskje om å kontrollere helsetenestetilbodet til norsk militært personell under operasjonar i utlandet på same måte som ein kontrollerer tenestetilbodet i Noreg. Forsvarsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet har difor gjennom avtale seg i mellom gjeve Statens helsetilsyn oppdraget med å gjennomføre tilsyn med tenestetilbodet i utlandet på same vis som tilsynet blir gjennomført heime.

I 2011 gjennomførte difor Statens helsetilsyn tilsyn med den akuttmedisinske tenestekjeda til norske soldatar

i Afghanistan. Ved dette tilsynet, som blei utført gjennom aktivitetar både i Noreg og i utlandet, fann vi ikkje

forhold som gav grunn til uro. Tenestene som blir ytte til det militære personellet lever opp til dei standardane som er sette for slik verksemd. Dette er standardar som dels byggjer på det som blir kravd i vanleg norsk akuttmedisin og dels på internasjonale krav. Tilbodet til norske soldatar i utlandet byggjer på nært samarbeid med militærmedisinske tenester som andre nasjonar har ansvaret for.

Tilsynet med helsetenestene i Forsvaret blir vidareført i 2012 med ein gjennomgang av systemet for dokumentasjon og journalføring.